

Tar opp bruken av norsk jord

Norsk Bonde og Småbrukarlag meiner at dagens jordbrukspolitikk fører til overproduksjon i husdyrproduksjonane, fall i pris til produsent, samtidig som produksjonen riv laus ressursgrunnlaget. — Det blir brukt for mykje pengar på investeringsmidlar til kapasitetsauke og prisnedskrivningar til kraftfôr, og for lite til jord og korleis denne blir forvalta best mulig. Matprodusenten blir sett i ein sårbar situasjon, samtidig som økologien og landets mattryggleik blir trua, seier bondeorganisasjonen i ein uttale i forkant av komande jordbruksforhandlingar. Småbrukarlaget meiner at situasjonen krev jordbruket må fokusera på produksjonsmåte og stille spørsmålet: Korleis skal me produsere mat i Norge?

Nær 8.000 seksuallovbrot til politiet

Politiet registrerer ein sterk auke i politimeldingar av seksuallovbrot, viser kriminaloversikta for 2017. Kvart tredje overgrep gjeld barn. — Auken kjem av både ein reell auke og et avdekking av mørketal, sa politidirektør Odd Reidar Humlegård då han la fram statistikken onsdag. Politimelde lovbrøt med seksuell omgang med barn i alderen 14–16 år, i tillegg til seksuell omgang med barn under 16 år auka med 6,1 prosent frå 2016 til 2017, medan seksuell omgang og valdtekt av barn under 14 år auka med 18,4 prosent. Han seier sakene også er blitt meir komplekse dei siste åra. — Når politiet startar med det som ser ut som enkeltstående handling, endar det ofte med stort omfang, mange involverte både fornærma og sikta, seier politidirektøren. (NPK)



Anlegget på Raunes i Vats har fått avvik for tre manglar som kan resultere i at kontrollen av utslipp av miljøfarlege stoff ikkje er god nok.

ARKIVFOTO: JON EDVARDSEN

Utslepp kan sleppe unna

AF Offshore Decom har ikkje målingar som fangar opp variable utslipp på kort sikt. Miljødirektoratet har avdekt fire avvik som viser at selskapet ikkje har full kontroll på det som går i Vatsfjorden.

JON EDVARDSEN

Miljødirektoratet var på inspeksjon hos AF Offshore Decom tidleg i desember i fjor, og i rapporten frå tilsynet er det fire avvik. Det betyr at selskapet ikkje etterlever krav som er lovregulert på området.

Inspeksjonen var ein del av direktoratet sitt risikobaserte industritilsyn i fjor.

Målingar ikkje gode nok

Anlegget på Raunes i Vats har fått avvik for tre manglar som kan resultere i at kontrollen av utslipp av miljøfarlege stoff ikkje er god nok, pluss at det er avvik for avfallrekneskapen.

■ Måleprogrammet for utslipp til vatn er utilstrekkeleg for å få oversikt over utslipp over korte periodar. Dermed fangar ein ikkje opp om det er høge utslipp innafør korte tidsrom. Sjøkk-effektar blir difor ikkje kartlagt godt nok.

■ Kontroll av vassmengde er mangelfull. Fullstendige målingar er viktig for å fastslå om krava til utslipp i vatn er innafør grensene.

■ Risikovurdering av eit farleg stoff selskapet ikkje har løyve til å sleppe ut (PFAS), er mangelfullt. Stoffet vart oppdaga i 2016.

■ Mangelfulle rutinar for avfallrekneskap. Konsekvensen kan vere at stoff blir sendt vidare som ordinært avfall, medan det er spesialavfall.

Miljødirektoratet viser til eitt tilfelle der ein mottakar av avfall frå Vats reagerer på at det ikkje var opplyst og kategorisert som miljøavfall.

Det gjeld også oppsop i verksemda som ikkje blir kategorisert på ein god nok måte.

Fangar ikkje opp

Mottaket av oljeinstallasjonar i Vats har

hatt enkeltepisodar med ulovlege utslipp, men dei årlege miljøovervakingane konkluderer med at anlegget held seg innafør utslippsløyvet det har for miljøfarlege stoff.

Inspeksjonen i desember fann avvik med manglar som kan føre til at selskapet sin eigenkontroll av farlege miljøstoff ikkje fangar godt nok det som blir sleppt ut.

Grannar kontakta i går prosjektdirektør for mottaket i Vats, Odd Magne Grøntvedt i AF Offshore Decom, men han gav ingen respons tilbake.

Håkon E. Larsen i Miljødirektoratet gjennomførte inspeksjonen i desember og har laga på rapporten. Han ville ikkje svare på spørsmål og viste til presseavdelinga. Grannar fekk difor ikkje svar på korleis avvika blir vurderte og tiltak som blir gjort.

Løyve for fy-stoff

Den siste miljørapporten for basen i Vats, frå 2016, avdekte fy-stoff som ikkje er registrert tidlegare. Det er fluorholdige stoff (PFAS) som selskapet ikkje har utslippsløyve for, som er lite nedbrytbare, og som er på lista for prioriterte miljøgifter. Dei blir sett på som svært helseskadelege.

Typisk er såkalla flammehemmarar, og brannskum vart vurdert som ei mogleg kjelde i den årlege rapporten for tilstanden i Vats.

Miljødirektoratet såg svært alvorleg på dei høge utslappa som vart registrerte. Det er eit mål å redusere og stanse utslipp av dei prioriterte miljøgiftene innan 2020.

Utfallet i Vats blir at selskapet vil få utslippsløyve for denne type stoff. Avdelingsleiar Ragnhild Orvik i Miljødirektoratet opplyser at dei arbeider for å få på plass eit utslippsløyve for desse stoffa i løpet av våren for anlegget i Vats.

— Vi set strenge grenser, men dette er stoff som var lov og mykje brukt. Lovleg bruk ender difor opp som miljøavfall. Sjølv om målet er å fase ut, er det vanskeleg å få dei heilt vekk. Difor gir vi løyve der stoffa må målast og kontrollerast, seier Orvik.

Fram til no er altså dess prioriterte miljøgiftene ein del av utslippet som ikkje blir målt kontinuerleg, men som dukka opp under spesielle målingar i den årlege miljøundersøkinga.